RUTEJAKT PÅ TID, 10. min.

Utstyr: Spelebrett, pennar, ark

Reglar:

1. To og to.
2. Kvart par får spelebrett og talkort.
3. De skal velje rute annankvar gong, men samarbeide om å løyse oppgåvene.
4. Snu eit kort, kva tal står det på kortet? (Det er ruta de skal løyse.)
5. Når oppgåva er gjennomført og stikkord notert i ruta, trekk eit nytt talkort.
6. NB! Begge spelarane gjer aktiviteten som står nedst i ruta.
7. Kor mange ruter klarer de å løyse på 10 min?

(Det er ikkje lov å bytte rute når de først har trekt…)

1. I følge **Lærarprofesjonen si etiske plattform**: Kva er samfunnsmandatet vårt? **Aktivitet: Snurr rundt fem gongar og gå 5 elefantsteg etterpå.**	2. Kva er denne plattforma eit sams grunnlag for? **Aktivitet: Ta fem spensthopp**	3. I følge **Lærarprofesjonen si etiske plattform**: Kva byggjer arbeidet vårt om menneskeverd og menneskerettar på? **Aktivitet: Gå 15 steg på hælane.**
4. Kva legg ein, i følge Lærarprofesjonen si etiske plattform, i omgrepet: Profesjonell integritet? **Aktivitet: Lag to morosame grimasar kvar.**	5. Kva legg **Lærarprofesjonen si etiske plattform** i omgrepa respekt og likeverd? **Aktivitet: Gå 15 steg baklengs.**	6. Korleis skal ein, i følge **Lærarprofesjonen si etiske plattform,** gå fram for å sikre at personvernet vert halde i hevd? **Aktivitet: Hink 10 hink på kvart bein.**
7. Har barnehagelærarar, lærarar og leiarar høve til å fri seg frå det profesjonelle ansvaret sitt? Kan ein ev. søke fritak frå dette? **Aktivitet: Stå rygg mot rygg og set dykk ned på huk 7 gongar.**	8. Kva er **Lærarprofesjonen** sine grunnleggjande verdiar? **Aktivitet: Ta 10 knebøy.**	9. Tenk profesjonalitet, og gje døme på korleis kollegiet på ein arbeidsplass bør forhalde seg overfor kvarandre. **Aktivitet: Gje "give me five" til kvarandre.**

FASIT:

1.I følge **Lærarprofesjonen si etiske plattform**: Kva er samfunnsmandatet vårt? Svar: Å fremje læring.	2. Kva er denne plattforma eit sams grunnlag for? Svar: Eit grunnlag for at lærarprofesjonen skal halde fram med å utvikle etisk medvit.	3. I følge **Lærarprofesjonen si etiske plattform**: Kva byggjer arbeidet vårt om menneskeverd og menneskerettar på? Svar: Dei verdiane og prinsippa som er nedfelte i universelle menneskerettar, særleg konvensjonen om barn sine rettar.
4. Kva legg ein, i følge Lærarprofesjonen si etiske plattform, i omgrepet: Profesjonell integritet? Svar: Etisk medvit og fagleg dugleik.	5. Kva legg **Lærarprofesjonen si etiske plattform** i omgrepa respekt og likeverd?Svar: Den einskilde sin eigenart og personlege integritet. Det skal ikkje finne stad noko form form for undertrykking, indoktrinering eller fordomsfulle vurderingar.	6. Korleis skal ein, i følge **Lærarprofesjonen si etiske plattform,** gå fram for å sikre at personvernet vert halde i hevd? Svar: Å halde på teieplikta og opplysningsplikta. Alle har rett til personvern.
7. Har barnehagelærarar, lærarar og leiarar høve til å fri seg frå det profesjonelle ansvaret sitt? Kan ein ev. søke fritak frå dette? Nei	8. Kva er **Lærarprofesjonen** sine grunnleggjande verdiar? Svar: Menneskeverd og menneskerettar, profesjonell integritet, respekt og likeverd i tillegg til personvern.	9. Tenk profesjonalitet, og gje døme på korleis kollegiet på ein arbeidsplass bør forhalde seg overfor kvarandre? Her er fleire svar rette: -Td. samarbeider om å vidareutvikle kunnskapar, dugleik og etisk dømmekraft. -Skaper og tek del i ein positiv samh.kult. -Respekterer andre sin kompetanse og erkjenner grensene for eigen fagkunnskap.

1	2	3
4	5	6
7	8	9